

Utsiktsrydding i Uskedalen.

12.10.2016



Tilgroing på toppen av Skårhaug gjer at utsikten er sterkt redusert.

Uskedal utvikling i samarbeid med Bondelaget, Elveigarlaget og grunneigarane vil ha fokus på rydding for å få fram kulturlandskapet. Det aktuelle område i denne omgang er strekninga elvosen til Liserud, toppen på Skårhaug og nokre andre objekt. Det vert søkt om midlar til utsiktsrydding i landbruket. Utsiktsrydding på Halsatoppen kan og vera aktuelt.



[Elvekanten skal ryddast. Ikkje mange ser at i bakgrunnen ligg Stemneplassen og Bedehuset..](#)

Etter det vellukka møte i Uskedal utvikling sist onsdag vert det arbeid med å finna ei løysing på problemet med attgroing. For 10 år sidan vart elvosen rydda. No er det sterk tilvokster og område frå elvosen til Djupehølen treng på nytt ryddast. Arbeidet skal gjerast med bakgrunn i retningsliner frå Fylkesmannen.

Uskedal Friluftslag eig Stemneplassen og toppen på Skårhaug. Plassen vart i si tid rydda og tilrettelagd med sti opp mot toppen. I 1997 vart toppen på nytt rydda og det kom på plass bord, benker og ei stadnamntavle. Sterk tilgroing dei siste 10 åra har ført til at plassen har redusert verdi som utsiktspunkt. Barnehagen sin gapahuk er rett nok ein viktig installasjon i område.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal